

Notat

Til: Formannskapet

Kopi:

Frå: Rådmann

Arkivkode **Arkivsaknr.**
18/453-120

Løpenr.
1532/19

Dato
24.01.2019

Framdrift - Arealdel til kommuneplanen 2018 - 2028

Formannskapet vedtok i møte 15.11.2018 å ikkje handsame temaet næring før underlagsrapport frå Sogndal Næringsforeining låg føre. Vi har fått signal om at denne underlagsrapporten ikkje vil bli gjort ferdig. Formannskapet må på denne bakgrunn drøfte korleis det vidare arbeidet med revisjon av arealplanen skal leggast opp.

Det er starta arbeid med kommunedelplan rv. 5 Loftesnes – Kaupanger. Planarbeidet skal fastlegge ny trase for ny rv.5, dette vil gje kommunen ein vegtrase vi kan ta omsyn til i vidare planlegging av areala i planområdet. Kommunedelplanen har ei framdrift som kan gi godkjend kommunedelplan i fyrste del av 2020. I planprogrammet er det angjeve følgjande framdrift:

Planprogrammet, saman med varsel om planoppstart, sendt ut på høyring.	Desember 2018
Handsaming av merknadar og fastsetjing av planprogram.	Vinter 2019
Planarbeid kommunedelplan og konsekvensutgreiing	2018/2019
Kommunedelplan med konsekvensutgreiing vert lagd ut på høyring.	Sein haust 2019
Vedtak av kommunedelplan med konsekvensutgreiing	Vinter/vår 2020

På denne bakgrunn ligg det føre to alternativ for det vidare arbeidet med arealdel til kommuneplan (sjå tidslinjer neste side):

1. Sitjande formannskap handsamar innkomne innspel til arealdel til kommuneplan og legg framlegg til ny arealplan ut på høyring. Nytt kommunestyre i nye Sogndal kommune vedtek ny arealdel.
2. Utsetje vidare handsaming av arealdel til kommuneplan til nye Sogndal kommune.

Etter konstituering er det møtedatoane i nye Sogndal kommune som må nyttast.

Alternativ 1:

Mars 2019	Formannskapet	Fastsette planprogram for Kommunedelplan rv.5.
11. April 2019	Formannskapet	Drøfting av næringsnotat
29. Mai 2019	Formannskapet	Drøfting bustad
5. September 2019	Formannskapet	Drøfting næring
9. September 2019	Val	
24. oktober 2019	Formannskapet	Vedtak om utlegging av plandokument til offentlig ettersyn og høyring.
Desember	Administrasjonen	Ferdigstille planframlegg etter høyring.
Vinter 2020	Formannskapet og kommunestyret	Vedtak av plan.

Alternativ 2:

9. September 2019	Val	
Haut/vinter 2019/2020	Formannskapet	Behov for totalt tre drøftingsmøter om tema bustad og næring.
Vinter 2020	Formannskapet	Vedtak om utlegging av planframlegg til offentlig ettersyn og høyring.
Vår 2020	Administrasjonen	Ferdigstille planframlegg etter høyring.
Vår/sommar 2020	Formannskapet og kommunestyret	Vedtak av plan.